

ÅRSMELDING 2021 for Skogselskapt Bergen og Hordaland, Org.nr. 938 731 578.

MELDING FRÅ STYRET 2021

Skogselskapet Bergen og Hordaland (SBH) er tilslutta Det norske Skogselskap og skal etter føremålsparagrafen fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. SBH vart stifta i 1898.

Styret

Leiar:	Trond Håvard Bjørnstad
Nestleiar	Henrik Valle
Styremedlemmer:	Per Aas Moen, Åsta Midtbø og Olav L Aurdal
Varamedlem:	Jørgen Frønsdal og Paul J. Særvold
Valnemnd:	Lars Even Lemme, Paul J. Særvold og Hans Nyeggen
Rekneskapsføring:	Vekstra Hardanger og Voss ved Astrid Ettestad
Revisor:	RSM-Norge ved Harald Bjortveit

TILSETTE

SBH har ingen tilsette

STYREARBEIDET

Styret har halde 5 styremøte.

Hovudoppgåver har vore: 50% samarbeidsstilling, Telenor mobilmast på Søfteland, Åsen, planlegging av reoperasjon av bru over Søftelandselvo, planlegging av skogsvei mellom Gåssandvegen og Sanddalen, forvaltning av arkiv og fond/legat forvaltning.

Eigedomsforvaltning

Ådnøy, Austerheim, ca 70 daa. (Gards og bruksnr 156/93) «Utleige» til sauebeite.

Søfteland, Bjørnafjorden. Eigedomar på til saman ca 400 daa. (Gardas og bruksnr. 6/1, 8/2,4, 58,) Utleige av hjortejakt til Henrik Valle. Skogteigane er forsikra i Skogbrand.

Klokkargarden og Tråstykket i Ulvik. (gards og bruksnr. 49/6 og 21) er solgt.

Vestland Skognæringsforum.

Sogn og Fjordane skogselskap har teke på seg sekretariatet for forumet. Ei sentral arbeidsoppgåve for fondet er å få eit felles nettverk for ulike aktørar som jobbar med skog- og trevirke på Vestlandet.

Skogforskningsfondet for Vestlandet

SBH deltek i arbeidet med fondet saman med dei andre skogselskapa på Vestlandet, NIBIO og UiB. Åsta Midtbø er vår representant i styret for fondet med Bernt-Håvard Øyen som vara.

Børre og Nancy Gjertsens legat (org nr 977 156 319):

SBH og styret i SBH driftar legatet i tråd med vedtektene. Styreleiar Trond Håvard Bjørnstad er leiar av legatet.

Familien Loofts gåve (org nr 938 503 494):

Aktiviteten i fondet er stabil, men avkastinga av kapitalen er låg. Regnskap 2020 viser 1436 000 NOK. SBH sin andel er 50 %.

SBH deltek saman med Bergens Skog og Træplantingsselskap og Naturvernforbundet i Hordaland. Bernt-Håvard Øyen har vore SBH sitt oppnemnde medlem i legatstyret. Denne oppgåva er no overført til Per Aas Moen frå årskifte 2021-2022.

ÅRSMELDING 2021 for
Skogselskapt Bergen og Hordaland, Org.nr. 938 731 578.

Distriktslege Christian Heitmanns legat (Hisøy) (org nr 977 143 071):

SBH sit i styret av legatet saman med ein representant for DNS og ein representant frå Bømlo kommune. Lars Even Lemme har vore SBH sin representant i styret. Det vert arbeidd med ein eigen servituttavtale mellom legatet og Friluftsdet vest for Hisøy. Avtala vil etter planen være på plass i løpet av 2022.

Bokprosjekt om utveksling av skogplantere mellom Vestlandet og Island

Det har i sidan før 2017 vore arbeidd med å få skrive ned «Historien om utveksling av skogplantere mellom Island og Norge». Ein bokkomité har arbeidd med bokprosjektet og SBH har motteke søknad om finansiell støtte til utgiving av boka. SBH har innvilga inntil kr 30 000-. Også fleire andre fylkesskogselskap støttar bokprosjektet.

Dette prosjektet er i avslutningsfasen, boka er ferdige skriven og det står att bilet-redigering og trykking.

Økonomien til SBH


Rekneskapan for 2021 syner eit driftsoverskot på kr 565 689, kr 44 950 i 2020, og driftsunderskot på kr 62 415 i 2019.

Sum eiga utgjer 4 442 897 i 2021 mot kr 3 849 065 i 2020, og kr 3 810 389 i 2019

Samtaler om samarbeid

Regionreforma har utløyst arbeid med fusjonar mellom fylkesskogselskap fleire plassar i landet, slik at skogselskapa vert betre tilpassa strukturen hjå fylkeskommunane og Fylkesmannen. Styreleiarane i Skogselskapa i Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt uformelle samtaler om temaet, men så langt ikkje teke steg i retning av endringar. Hovudargumentet imot er dei lange reiseavstandane det vert med ei større eining i Vestland

Styreleiar i SBH har også hatt samtaler med styreleiar i Bergens Skog og Træplantingsselskap om mogleg samarbeid. Til liks med samtalene med Sogn og Fjordane Skogselskap har dette vore uformelle samtaler for å finne meir ut om kva som kan vera mogleg og ev ynskjeleg.



Trond Håvard Bjørnstad (s)
Styreleiar



Henrik Valle (s)
Nestleiar



Per Aas Moen (s)
Styremedlem



Åsta Midtbø (s)
Styremedlem



Olav L. Aurdal (s)
Styremedlem